
Fra: Trond Roy Pedersen [mailto:Trond.Roy.Pedersen@klepp.kommune.no]

Sendt: 1. juli 2013 13:31

Til: Postmottak KD

Kopi: Jan Bekkum; Klepp Postmottak

Emne: Høyring: Kulturskuletilbod i skuletida.

Kommunalsjefen i Klepp kommune har denne merkanden til høyringa om kulturskuletilbod i skuletida:

Alle framlegga i forslaget til lovendring er i samsvar med dei dei synspunkta som har vore i prosessen i Klepp kommune på alle punkt utanom dette:

I framlegget til § 13-6a er det framlegg om at tilbodet skal vera friviljug.

Klepp kommune rår til at dette frå eit tillegg: *Kommunen kan gjera vedtak om at tilbodet kan vera obligatorisk på eitt eller fleire steg.*

Bakgrunn for merknaden:

I prosessen i Klepp kommune har ein sett det som mest føremålstenleg å legga dette tilbodet til 3. årssteg. Tilboden er organisert av Klepp kulturskule i samråd med dei 8 barneskulane. Når tilboden blir skipa til på dette viset, unngår ein både skyssproblem og andre kostnadskrevjande tilsynsproblem. Og ein oppnår i mykje større grad å få til intensjonen i tilboden når alle elevane får eit godt og meiningsfullt tilbod innanfor rammen av skuledagen. I Klepp kommune har hovudutval for skule og barnehage vedteke dette samrøystes . Og det gjeld for komande skuleår. Det blir altså her bede om at tillegget kjem inn i lova for å gje eit godt kvalitativt tilbod. Om dette *skal* vera friviljug, ser me det i Klepp som eit tilbakesteg.

Trond Roy Pedersen
kommunalsjef skule og barnehage
Klepp kommune
Tlf +4748003210